

Meir markering av stemmerettsjubileet

23.05.2013

Det er allereie halde eit møte i Uskedalen som markering av stemmerettsjubileet, men det stoppar ikkje der, Tysdag 11. juni samarbeider Omvikdalen bygdekvinnelag, biblioteket og helselaga i Løfallstrand, Seimsfoss og Rosendal om eit større arrangement i Rosendal samfunnshus. Innleiinga er av 4 kvinner der 3 er frå ulike aldersgrupper og ei er innvandrar.

Det er vidare dikt ved Erna Veseth og musikalske innslag ved jentekoret Rimchimbih og vokalensemblen mMokkat (biletet), Jentekoret skal mellom anna framføra ein song skriven på runeskrift som er ein hyllest til ei kvinne og det eldste norske dikt ein veit om. mMokkat står for urframføring av ein song som er ein hyllest til jenta Malala frå Afghanistan.